

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 2

juni 2005

Årgang 15



*Arkivarstillinga ved Valdres folkemusikkarkiv er i fare. Men uansett dystre utsikter: Elisabeth arkivar gir deg den hjelpa du treng, om du tek turen innom for å leite etter gamle opptak.
Foto: Ingvar Skattebu*

FINALE I INTRO-FOLK PÅ HILME-STEMNET
VALDRES-DELEGASJONEN TIL LANDSKAPPLEIKEN 2005
OVER OG UT MED FOLKEMUSIKKARKIVET?
NY TREÅRIG AVTALE FOR FOLKEMUSIKKGRUPPA
NY DEBATTSIDE: MJØLKERAMPA
FYRSTE EPISODE OM DEI FORSVUNNE KONGELEGE LANGELEIKANE

GODE LESAR AV LÅT O' LINK!

Halvtom krubbe er ikkje stort betre enn tom...

Biting blir det uansett

Dette veit dei fleste mykje om, sidan alle innbyggjarar må ta sin del av nedskjeringar i kommunebudsjetta. Det er ikkje artig å koma i situasjonen der arvesylv blir sett opp mot stengde symjehallar eller andre kulturaktivitetar. Like fullt må ein syrgje for å drive bevisstgjerung overfor kulturetatar, politikarar, rådmenn og ordførarar om kva som vil gå tapt dersom innsamla skattar ikkje blir ivaretekne. I dette Låt o' Link kan de lesa om alvor som gjeld nedskjeringar for Valdres Folkemusikkarkiv.

Valdres Folkemusikklag (Vfl) som folkemusikkorganisasjon har eit stort ansvar for å gjera vårt for å sikre midlar til arkivdrift. Me må alle tala varmt overfor alle kommunepolitikarar me kjenner. Støtta til arkivet er små postar for kommunane, men dei løyser ut mykje midlar frå andre kanalar, m.a. fylket.

Vfl må samstundes ha eit vidare perspektiv i arbeidet for og med våre 300–400 medlemmer. Vfl er forplikta til å tenkje *heilheitleg og langsiktig*. Drøfting av årlege kommunebudsjett er ikkje noko for oss som skal tenkje minst 50 år både bakover og framover. Men er me flinke nok til å tenkje langsiktig, me òg? *Visst er me ikkje det, men me har lyst til å invitere dykk medlemmer til ein liten drøftingsrunde på e-post der me saman kan laga oss nokre framtidssynske og mål.*

Vfl er òg medansvarleg når det gjeld Valdres Folkemusikkgruppe. Me er alltid innbedne når gruppa skal drøftast både med tanke på tilsetjingar og drift. Avtala skal no fornyast, og det er ein unik sjanse til å leggje inn nye vyar. Gruppa har sjølv lyst til å vera praktisk meir tilknytt folkemusikkhuset på museet, – der ho kan vera nær eit fagleg miljø og arkivet. Det er råd å drøyme, draumar kostar lite, men dei kan føre til noko òg.

Alle lesarar av Låt o' Link kjenner no Vfl og alt laget omfattar, så godt at ein ikkje treng ramse opp alt her. Spørsmålet er om alle delane utfyller kvarandre og gjev framdrift i styrd retning. Det er for så vidt litt motstridande at ein skal styre

LÆRAR PÅ LANGELEIK

Fast 20,13 % stilling som langeleiklærer i Musikk- og kulturskulen. Undervisning på Fagernes og i Slidre. Må kunne disponere eigen bil.

Ytterlegare opplysningar kan du få hos rektor Jon Gjesdal, tlf. 61 35 91 88/ 971 43 320.

Søknadsfrist 15.06.05

utviklinga av dette som av natur skal vera folkeleg og utvikle seg naturleg ved bruk og ”tradering”. Som de ser, er det her òg kronene som tvingar oss til å samle pjaltane og syne at me er reflekterte. Dersom me er oss bevisste dei langsiktige måla, så har me heller ikkje problem med å sjå at dei måla aldri kan nåast utan eit oppegående arkiv.

Det er heilt avgjerande at arkivet er ope og imøtekomande, og at det er ei aktiv brukargruppe. Ein takk til arkivaren Elisabet Kværne både for mottakinga som brukarane får, og for kampen ho fører for å halde liv i arkivdrifta. Det er trist at ein slik kapasitet skal bruke så mykje tid, krefter og bekymring på å kjempe i politisk *nærmiljø*, når ein veit kva status nett Valdres har hatt nasjonalt som pioner i arkivdrift. Eit hardt pressa museum er arbeidsgjevar, og ein takk òg til direktør Torill Thømt som står på alt ho kan i motvinden og kampen om midlar.

Tek de utfordringa og blir med på diskusjons-e-posten? Me må leggje det opp til e-post framfor diskusjonssider av praktiske grunnar. Dette er for å varme opp til eit diskusjonsforum utpå hausten. De som er utan e-post, får såleis gode høve til å koma med innspel då, eller ta kontakt under vegg. Det blir eit meir konstruktivt møte dersom me har varma opp føreåt.

Til sist: Ha ein god sumar med stor slitasje av dansesko, snertar, belg og bogar!

Oddrun Hegge

Utdeling av Torleiv Bolstad Minnestipend

Styret for Minnefonda vil med dette oppmode alle om å koma med framlegg til kandidatar til årets folkemusikkpris, Torleiv Bolstad Minnestipend.

Prisen skal i år delast ut til: hardingfelespelarar i Valdres, i aldersgruppa mellom 15 og 25 år, og nokon som syner evne og vilje til å gå inn for folkemusikk frå Valdres.

Prisen vart oppretta i 1991 av Kjellaug Bolstad, og er til minne om spelemannen og mannen hennar Kjellaug, Torleiv Bolstad. Prisen blir delt ut annakvart år under hovudkonserten på Jørn Hilde-stemnet.

Framlegg til kandidatar kan du sende skriftleg (e-post eller brev) innan 1. juli til Styret for Minnefonda v/Nils Rogn, Elisabeth Kværne eller Knut Aastad Bråten.

Redaksjon for Låt o' Link:

Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten

Layout: Aud Søyland og Nils Leine

Ta gjerne kontakt med redaksjonen på tlf. 990 37 584

eller på e-post: aud@valdresfolkemusikklag.no

VELKOMEN TIL JØRN HILME-STEMNET, 25.–31. JULI

Jørn Hilme-stemnet kan nok ein gong by på eit spennande festival-program. Som tidlegare år er ramma for arrangementet kurs, kappleik, konsertar og dans.

Driv

Driv er årets tingingsverk. Felespelar Andreas Ljones, dansar Magne Kleive-land, organist og komponist Rune Tylden og bildeprodusent Pål Bratås leier gruppa av åtte ungdommar frå heile Sør-Noreg i ei kraftfull danseframsyning, med sterke uttrykk, fart og spenning!!! Margit Myhr, Vetle Springgard, Sondre Rua Dokken, Karin Toeneiet, Ingebjørg Harman Bratland, Torkjell Lunde Børsheim, Geir Myhr og vår eiga Silje Onstad Hålien får boltre seg på scena med song, dans og akrobatikk.

Undergrunnsfargo

Konserten er eit samarbeid mellom Førde internasjonale folkemusikkfestival og Jørn Hilme-stemnet. Ei anna oppleving av musikken med det skrå valdres-særpreget. Her blir det mange felestille, og eit spennande arrangement baka godt inn i Hallgrim Hansegård sine tolkingar av fargene under. Knut og Ole Aastad Bråten, Jan Beitohaugen Granli, Johanna Fuglesteg, Jogrim Søyland, Trude Bakke, Berit og Magne Olav Selland og Berit og Knut Steinsrud spreier glamour og undergrunnstonar over framsyninga.

INTRO-folk 2005

Jørn Hilme-stemnet har fått æra av å arrangere finalen i den nasjonale tevlinga *INTRO-folk*. *INTRO-folk* er eit nystarta lanseringsprogram for unge folkemusikarar, som blir gjennomført i samarbeid mellom Rikskonsertane, Den Norske Folkemusikkscena, Norsk Folkemusikkformidling, og dei store norske folkemusikkfestivalane. Åtte semifinalistar tevlar i sommar om fire finaleplassar. Dei 8 semifinalistane er: Majorstuen,



Torkjell Lunde Børsheim og Silje Onstad Hålien, frå DRIV-øvinga på Voss 3.–5. juni i år. Til sommaren kan du sjå dei i fullt driv under Hilme-stemnet. Foto: Valdres Folkemusikklag

Tindra, Gjermund Larsen, Synnøve S. Bjørset, Adjagas, Per Anders Buen Garnås, Gammel-lykt se og Geitungen. Gruppa Majorstuen kvalifiserte seg under folkemusikkveka på Ål.

AskerLadden

Laurdag er den store dansekvelden på Valdres Folkemuseum. I år er det AskerLadden som står for gamaldansmusikken. Medlemmene i gruppa, som har sterke band til Valdres, har segla opp som ei av dei store gamaldansgruppene i Noreg. Dei har fleire CD-utgjevingar bak seg, og i 2003 nådde dei finalen i Kappspel på NRK.



Sjå elles eigen faldar, plakar, festivalavis og nettsider – www.hilme.com.

Har du lyst til å arbeide som frivillig under Jørn Hilme-stemnet?

Bli med i kulissa til Valdres' største kulturarrangement. Det er mange oppgåver som skal fyllast, m.a. transport, artistkontakt, medarbeidarar på stemnekontoret, riggarar og billettseljarar for å nemne noko. Tilbake får du kjempeflotte dagar med mange opplevingar. Du får velja deg billetter til arrangement, og me syrgjer for mat dei dagane du arbeider for oss.

Ta kontakt med Solveig på tlf. 61 36 46 71 / 90 51 20 55

Sjå: www.hilme.com eller skriv til info@hilme.com

Meld deg på KURS PÅ HILME-STEMNET!

Gamaldans, nybyrjarar: Ivar Hemsing og Anne Marit Røn, spel Engebret Ringen

Langeleik: Bergljot Hedda Lunde

Munnharpe: Magne Olav Selland

Springar, nybyrjarar: Randi og Embrik Før, spel Ola Hilmen

Springar, vidarekomne: Dag Hamre og Marit Mattisgard, spel Henning Andersen

Springar med to følgje: Knut Øystein Bakken, Aaste Månnum Ødegaard og Anne Marit Røn, spel Erland Joplassen

Song – kva er kveding? Unni Boksasp

Song – salmetonar frå Valdres, Johanna Fuglesteg

Framhald side 6

Gamaldanskurset er på Valdres Folkemuseum tysdag 26. og onsdag 27. juli kl. 18–21. Langeleik, munnharpe og valdresspringar for nybyrjarar går torsdag 28. kl. 15–18 og fredag 29. kl. 10–14.30 på museet. Valdresspringar for vidarekomne og med to følgje går dei same tidene på Fagernes kulturskole (gamle Fagernes skole). Songkurset med Unni Boksasp går berre torsdag 15–18, songkurset med Johanna Fuglesteg berre fredag 10–14.30, båe dagane på museet.

Gratis lynkurs i bonde: Hallgrim Hansegård og Marita Søndrol Silberg, spel Jogrim Søyland. Skiferplassen laurdag 30. juli kl. 12.45

Pris: kr 350 for to dagar. Gamaldans og bonde gratis. Song torsdag kr 150, song fredag kr 200. Påmeldingsfrist er 1. juli.

Ta kontakt med Solveig Hårdnes på telefon 61 36 46 71 eller kurs@hilme.com for påmelding og informasjon!

NOKRE LEDIGE PLASSAR PÅ STRUNKEVEKO

Strunkeveko har god søknad til dei fleste kurs, og det ser ut til å bli om lag 90 deltakarar i år som i fjor. Men kvar blir det av langeleikspelarane? Tidlegare har me hatt 15–20 på langeleik; no har berre åtte meldt seg på. Knut Aastad Bråten, Ingvild Lie og Kari Steinsrud er klare til å ta imot dykk – og me tek enno imot påmeldingar. No må valdrisane nytte sjansen til å melde seg på – elles kan me miste status som leiande i langeleikspel.

Det er òg ledige plassar på nokre av dei andre kursa. Ring Stian Roland på tlf. 61 36 47 61 eller på strunketelefonen 994 48 486 dersom du vil ha meir informasjon, eller gå inn på www.strunkeveko.com

SJOKOLADEKAPPLEIK OG FOLKEDANSTEATER

Alle er velkomne innom det friske og ungdommelege miljøet på Valdres folkehøgskule dagane før Hilme-stemnet: 24.–29. juli, anten du kjem på dagtid eller kveldstid, anten du vil hjelpe til eller berre sjå kva som føregår. Desse konsertane

Måndag 25.7. kl. 19.30 kan du sjå og høyre lærarane på Strunkeveko i fri utfalding.

Onsdag 27.7. kl. 19.30 er det sjokoladekappleiken Kykelikokos, der elevane på Strunkeveko opptre med dyriske melodiar og dansetrinn, og blir premierte med sjokolade.

Fredag 29.7. kl. 15.00 er det Strunkis 2005 – som i år blir eit folkedans-teater! Er du i tvil om kva det er, må du endeleg koma og sjå. Kurset i folkedans-teater er nytt av året, og har fått bra påmelding. Lærarane og elevane på dette kurset lagar ramma for avslutningskonserten, og trekkjer inn alle dei andre strunkisane gjennom framsyninga.

VALDRES FOLKEMUSIKKGRUPPE – TRE NYE ÅR

Valdres Folkemusikkgruppe fekk mange godord av kommunane då den treårige samarbeidsavtala mellom valdreskommunane og Oppland fylkeskommune skulle evaluerast, torsdag 12. mai.

Dans med Huldra vart nemnt som ei sær s vellukka framsyning, og til hausten får endå fleire skuleelevar i Oppland høve til å sjå huldra og huldregutane.

Valdres Folkemusikklag v/Oddrun Hegge var med som observatør, skrivar og pådrivar for at gruppa på lengre sikt kan drive folkemusikkarbeid frå folkemusikkens hus på museet. Ho nemnde gruppa si historiske forankring til staden, og den pedagogiske rolla gruppa har spelt her. I tillegg meinte ho at det no er naturleg å sjå framover mot eit tettare samarbeid med folkemusikkarkivet, Jørn Hilme-stemnet, Strunkeveko og instrumentmakarverkstaden. Bakgrunnen for det er dei store ressursane som allereie er i sving her, og at dette vil gje gruppa ei fagleg forankring i motsetnad til den kommunale arbeidsgjevarordninga me har i dag.

Hausten 2005 startar Valdres Folkemusikkgruppe opp att arbeidet med intimkonsertar rundt omkring i Valdres. To er allereie klare: 9. september blir det konsert med førebels arbeidstittel ”musikk rundt Strøndafjorden”, og fredag 30. september fer me til Vang med konserten ”Den lange låtten”.

Ole Aastad Bråten



Valdres Folkemusikkgruppe på 100-årsjubileumskonserten på Valdres Folkemuseum 7. juni i år. Frå v.: Magne Olav Selland, Ole Aastad Bråten og Trygve Bolstad. Foto: Kåre Strande



Landskappleiken

er på Røros 22.–26. juni. Sjå www.landskappleiken.no

Landsfestivalen i gammaldansmusikk

er i Sør-Fron 20.–24. juli. Sjå www.landsfestivalen.no/2005

Strunkeveko

er på Valdres folkehøgskule, Leira, 24.–25. juli. Sjå omtale lenger framme, faldaren, og www.strunkeveko.com

Jørn Hilme-stemnet

er på Fagernes 25.–31. juli. Sjå omtale lenger framme, eigen brosjyre og www.hilme.com

«VALDRESKVELD» PÅ RØROS

Alle er hjarteleg velkomen til «Valdreskveld» på campinga på Røros fredag kveld under Landskappleiken (24. juni). Me har enkel bevertning, men ta med drikke sjølv. Me samlast her til sosialt samvær, musikalske smakebitar, og feirar alle kunngjorde resultat så langt på Landskappleiken. Velkomne!

Med helsing Øystre Slidre spel- og dansarlag

FREDAGSDANS 1. JULI

Me feirar alle «Valdres-resultat» frå landskappleiken på Røros. Møt opp til ein heidundrande dansefest i spelemannstogo på Herangtunet frå klokka 20.00.

Alle er hjarteleg velkomne. Då skal det feirast!!

Med helsing Øystre Slidre spel- og dansarlag.

HILME-TAKKEFEST 17. SEPTEMBER!

Kvar sommar tek folkemusikkmiljøet i Valdres eit stort lyft for å arrangere Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet. Valdres Folkemusikklag vil gjerne få takka dykk alle for innsatsen, og inviterer dykk til mimre- og takkefest på Slidrehuset den kvelden.

Det blir servering og godt program og dans til mykje godt danselæte. Også du som ikkje får gjort ein dugnadsinnsats i sommar, er velkomen; det kjem nye sjansar!

Beste helsing styret i Valdres Folkemusikklag

ÅRSMØTET I LANDSLAGET FOR SPELEMENN

Årsmøtet i LfS blir i år arrangert på Beitostølen, og Valdres Folkemusikklag må då sørgje for å stille med ein sterk delegasjon – både i årsmøtesalen og på dansegolvet om kveldane. Datoen for årsmøtet er 5.–6. november. Rett nok er Rakfiskfestivalen same helga, men dei har sikkert rakfisk på Beitostølen med!

DANS PÅ VIDAREGÅANDE!

Me vil gjerne få informere om at valfaget i dans, ved Valdres vidaregåande skule, kjem til å halde fram til hausten. Det vil bli lagt opp slik at dei som har vore med i år, kan halde fram, i tillegg til nye elevar. Me veit alt om fleire interesserte!

Noko av målet vårt var å integrere desse elevane i folkemusikkmiljøet her i Valdres, og etter kvart som dei har lært meir og meir, har dette gått nesten av seg sjølv.

Me vil understreke at dette er eit unikt tilbod for danseglad ungdom som vil prøve seg på ulike dansar, som til dømes swing, springar, halling, vals og reinlender. Og ikkje minst har du her sjansen til å bli med i ein aktiv ungdomsgjeng. Sjåast til hausten!

Tone Voldhaug og Stian Roland

LANGELEIKJENTER I FAMILIEN!

Systrene Hegge og systrene Steinsrud har fått stort oppslag i siste nummer av Familien. Me går ut frå at bladet alt er rive bort frå alle kioskhyller i Valdres, men alle folkemusikkinteresserte bør skaffe seg bladet og lesa om korleis dei seks jentene lærte i levande tradisjon og førte det vidare til nye slekter.


NYTTIGE NETTADRESSER

www.valdresfolkemusikklag.no

www.strunkeveko.com

www.hilme.com

www.landskappleiken.no



Mjølkerampa

Slå eit slag for arkivet

Valdres Folkemusikkarkiv står i fare for å bli lagt ned. No må me som brukar arkivet, syne politikarane at dei ikkje kan handtere kulturarven vår so lettsindig. Bevaring av arkivet handlar i fyrste omgang om at me tek vare på både ein ”korreksjon” og eit supplement til vår eiga folkemusikalske utfolding. Utan dei utalige tradisjonsberarane me har i arkivet, ville vokal-, langeleik-, og feletradisjonen her i dalen vore smalare, fattigare og endå mindre akta. Kulturskulegenerasjonen ville i tillegg ikkje hatt det beste undervisningstilbodet, utover dei stakkars 20 min. dei får kvar veke i musikkskolen.

Eg var i Litauen for nokre år sidan. Der var dei i ferd med å etablere folkemusikkarkiv – no! Der hasta det med å få samla inn restane etter ein sjølvstendig litauisk folkemusikktradisjon. Dette var sjølvstendig viktig for den re-etablerte litauiske nasjonen.

Poenget er at det er berre i Litauen ein kan ta vare på den litauiske folkemusikktradisjonen. Det er der kompetansen sit, og der ein kjenner ”grammatikken” best, som Elisabeth arkivar ofte seier. Det same gjeld for Noreg. Om me skal våge å kalle oss ein kulturnasjon, må me innsjå at me som enno forvaltar tradisjonen, er dei fremste til å ta vare på denne tradisjonen. Stø Valdres Folkemusikkarkiv før det er for seint ved å ta kontakt med lokalpolitikarane i Valdres.

Ole Aastad Bråten

BUSS HEIM FRÅ LOKALKAPPLEIKEN?

Mange unge folkemusikarar og -dansarar har ein tendens til å reise tidleg heim etter lokalkappleiken. Om det er dei unge sjølve eller utålmodige foreldre som er ivrigast på å koma heim, er eg ikkje sikker på. Likevel trur eg mange av dei unge kunne hatt glede av å vera med på festen etter kappleiken. Utfordringa er korleis desse unge skal koma seg heim. Eg trur difor ein eigen lokalkappleik-buss med eigne lokalkappleik-rabbattar kunne gjera susen!

Neste år er kappleiken i Vang. Ein kappleiksbuss kan føre til at fleire tek del i festivitassen på kveldstid.

Skjenalauken

NOKRE ORD ETTER LOKALKAPPLEIKEN 2005

Fyrst ein takk til Vestre Slidre folkemusikk- og danselag, det var ein triveleg dag og kveld. Dei gode tonane sit enno att i øyra.

Så til temaet denne gongen. Det var stokka litt på klassebegrepa på denne kappleiken. Frå min ståstad var dette heilt i orden. Ikkje minst fordi det ofte på lokal-kappleik er få deltakarar i enkelte klasser. For ein deltakar må det vera meir moro å tevle med fleire enn berre seg sjølv, også når det er skilnad på alder og dugleik. Det er vel det som er kappleik, å tevle.

Endre Hemsing

FRAMTIDIG DANSEGOLV - ELLER PENGAR UT AV GLASET?

For ein del år tilbake vart det, som dei fleste veit, gjeve 150 000 kroner frå Valdres Folkemusikklag til det nye administrasjonsbygget på Valdres Folkemuseum. Pengegåva var ein type kompensasjon for fri bruk av museumsområdet til Jørn Hilme-stemna. Føresetnaden for pengegåva er at det skal byggast eit dansegolv/dansesal i det nye administrasjonsbygget.

Mi bekymring er om vi i det heile vil kunne oppleve ei ny dansestogo i nybygget, ettersom dansestogo også skal nyttast til mellom anna kafé og utstiilingslokale. Difor er spørsmålet mitt: Kva blir gjort for å ivareta Valdres Folkemusikklag sine interesser i det framtidige administrasjonsbygget? Blir vi nøydde til å danse springar og reinlender mellom butikkreolar og kafébord, eller kan vi nytte danselokalet *som vi vil når vi vil*? Vil vi t.d. berre kunne nytte dansestogo under Hilmisstemnet, eller vil dansegolvet fungere som eit fleirbrukshus for alle folke-musikalske aktivitetar, m.a. kurs, dansefestar i lokale spel- og dansarlag og småkonserter gjennom heile året? Er det utarbeidd ein avtale mellom Valdres Folkemusikk-lag og Valdres Folkemuseum, om korleis dansegolvet skal nyttast i det daglege?

Og ein siste ting, folkens; er det no så sikkert at det blir nybygg på museet?

Skjenalauken

KONTORTID I VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

Solveig har kontortid

måndagar kl. 09 til 15 og onsdagar kl 09 til 15.

*Stian er deltidsstudent og kan ikkje ha heilt regelmessig kontortid,
men er å treffe på strunkemobilen fast no framover: 994 48 486*

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løssre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langdødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkundar

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendomar
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigjenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uforekapital
- Uforepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

GOD DELTAKING TIL LANDSKAPPLEIKEN

Fleire valdrisar er påmelde til årets landskappleik på Røros. Ei av dei som gleder seg til kappleik og fest, er Kari Steinsrud frå Rogne.

Kari (44) har delteke med spenstige og vare langeleiklåttar på utalige kappleikar. Ho har vunne landskappleiken fleire gonger. Kva slags lått ho vil trollbinde publikum med i år, er enno usikkert.


– Eg har spelt litt lite i det siste. Kan hende tyr eg til gode gamle ”Rangdi Røllång”, seier Kari, som ser politikk i deltakinga si i år. – Dei siste åra har deltakinga på langeleik vore heller dårleg. Skall klassa bestå i framtida, er det viktig å delta, seier Kari, som i tillegg til spel også deltek på lagdans og i dans hardingfele klasse A saman med Knut Arne Jacobsen.

– Kva er oppskrifta på ein vellykka kappleiksdans, Kari?

– Vi tok oss nokre springarar på bygdatunet i Øystre Slidre førre fredagsdans, fortel Kari, som vonar på fleire øvingar med Knut Arne Jacobsen før Rørosferda.

– Det viktigaste er likevel at vi har det moro – klarar vi det, skal eg vera nøgd!, seier Kari Steinsrud på telefon frå ei gamal krøtterreksle øvst i Røgnsbygden.

Knut Aastad Bråten



*Kari Steinsrud er attende på kappleiksscena!
Attgjeving: Knut Aastad Bråten*

VALDRISAR I MANGE KLASSER

Om du ikkje skal delta sjølv på Landskappleiken, er det mange flinke valdrisar som deltek.

I spel hardingfele klasse B deltek Anders Erik Røine, Kjellbjørn Karsrud og Ola Hilmen. I klassa for langeleik junior deltek Hanne Bjørnødegård, Solfrid Olmhus, Ingrid Fossum, Trude Bakke og Magnhild Karsrud. Dei eldste langeleikspelarane er Marit Steinsrud, Turid Berge, Kari Steinsrud, Ingvild Lie og Lise Lunde Brennhagen. I samspel for langeleik deltek Brøtagutadn. Anders Erik Røine deltek i år i munnhørpe senior. Nytt av året er eiga klasse for durspel bygdespel. Jogrim Søyland deltek i juniorklassa. Tom Kjetil Tørstad stiller i seniorklassa. I spel hardingfele klasse A finn vi Erland Joplassen og Jan Beitohaugen Granli på startlista. Kvedarane er i år Stian

Roland, Knut Arne Jacobsen og Ingvild Lie i vokal folkemusikk klasse B. CD-aktuelle Bodil Haug stiller i vokal folkemusikk klasse A. Valdrisar i open klasse er Anders Erik Røine og Marit Mattisgard, og Herr Ole med m.a. Ole Aa. og Knut Aa. Bråten.

I dans hardingfele klasse B finn vi Oddbjørn Lindseth Vold og Martina Andersson, og Bjørn Strand og Kjersti Løvold med valdresspringar. Blant lausdansarane er det berre Hallgrim Hansegård som deltek, han stiller i klasse B. I dans hardingfele klasse A deltek: Stian Roland, Tone Voldhaug og Gina Ingeborg Hagen, Geir Ove Hippe og Mona Dalen, Ole Aa. Bråten og Unni Myrheim, Knut Arne Jacobsen og Kari Steinsrud, Rune Hammarbäck og Britt B. Totland, Knut Aa. Bråten og Bente Oxhøvd, og Frode Rolandsgard og Anne Røine. I tillegg stiller valdrisane sterkt i lagdans.

SONGSEMINAR MED SØKJELYS PÅ VALDRESSONGEN

15. til 17. april vart det arrangert songseminar ved Valdres folkemusikkarkiv på Valdres folkemuseum. Tilskipar var Valdres folkemusikkarkiv i samarbeid med Øystre Slidre spel- og dansarlag.

Seminarret starta for dei ivrigaste på fredag kveld. Ruth Wilhelmine Meyer, som er songar og songpedagog, gav dei framførte ei innføring i folkeleg stemmeteknikk. Laurdag prata ho meir om forholdet mellom kropp, pust og songteknikk. Seinare på dagen knytte ho kunnskapen sin opp mot gamle arkivopptak frå Valdres.

Etter ein lunsjpause med diskusjon la Stian Roland fram oppgåva si frå Kvedarskulen ved Ole Bull-akademiet på Voss. "Kva veit me om songstilen i Valdres?" Ved hjelp av gamle opptak frå Valdres og omkringliggjande område fekk me fleire eksempel på at valdressongen representerer noko unikt. Laurdag vart avslutta med ei innføring i bruk av skriftlege kjelder ved arkivar Elisabeth Kværne. Ho tok utgangspunkt i Lindemans nedskrifter.

Søndag vart seminardeltakarane guida gjennom det "ukjende" folkemusikkarkivet. Arkivaren fann fram fleire mindre



Kari Hagaseth står fram åleine på songseminaret Øystre Slidre spel- og dansarlag arrangerte i vår. Foto: Gro Arneng

kjende ”skattar” frå Valdres, og me vart endå ein gong mint på kor uvurderleg Valdres folkemusikkarkiv er for notid og framtid! Dei ca. 15 deltakarane på songseminaret var einige om at helga på Valdres Folkemuseum var lærerik.

Gro H. Arneng

JAKTA PÅ DEI FORSVUNNE KONGELEGE LANGELEIKANE...

Folkemusikkarkivet har for tida engasjert seg i jakta på eit par-tre forsvunne kongelege langeleikar. Ut ifrå tittelen høyrst dette ut som reine påskekrimmen, og det er det jo for så vidt.

Det heile starta ved påsketider for snart tre månader sidan. Og for å gjera historia ikkje altfor lang: Bjørn Aksdal frå Rff i Trondheim kasta seg ein dag i påska på telefonen med barnleg iver og slo nummeret til Elisabetharkivar. Han fortalde at i Se & Hør sitt påskenummer var det no stadfesta at den norske kongefamilien set folke-musikken svært høgt. I alle fall har dei hengt han på vegg. Fotografiet i Se & Hør var frå Prinsehytta i Sikkilsdalen, og synte ein gamal langeleik, som veggpryd for dei rojale påsketuristane. Spørsmåla melde seg umiddelbart for Elisabeth Kværne. Hadde kong Olav spelt langeleik som liten gut?, og ikkje minst, var det langeleikspelet som hadde ført Olav og Märtha saman?

Langeleikforskinga held fram. Rykta ville ha det til at dette var langeleiken til den kjende spelemannen Johannes Halden ifrå Vestringsbygda. Ut ifrå fotografiet såg det ut som ein langeleik av den klassiske sørvaldres-typen. I tillegg kjem ei utsegn om Jahas i Høll'n frå ei årbok for Valdres, som kan stadfeste at dette er langeleiken til Johannes Halden:

Han Jahas i Høll'n ifraa Vestringsbygd i Aurdal er okso ein dugele langeleikspelar. Han har fare mykje ikringo her i lande o ratt inni Sveri o spelt, o de ha gange o baade illt o gøtt. No ha'n gjeve kronprinse den gamle leiken sin, o daa e de vel snaut nok, um'n kjem te spela so gøtt meir, so'n gjort før. -




Følg med i neste nummer...

Ole Aastad Bråten

Er det dronning Sonja som no spelar på langeleiken etter Johannes Halden?

B



Nyttige navn og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiletelefon	E-post
Begjålfjorn spel- og dansarlag	Slein Ivar Øvergård	61 34 70 05 (p)	913 66 177	
Etmedal spel- og dansarlag				
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Kari Hagaseth	61 36 82 27 (p)	988 57 553	
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
Vestre Slidre spel- og danselag	Astrid Olga Bråten	61 34 33 14 (p)	900 64 316	astrid.braten@senswave.com
Vårflammen spel- og dansarlag	Hallgeir Rogstad / Gunnar Kvernø Amundsen		996 07 878 / 971 85 725	lauskar@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Jorunn Nordli	61 34 22 66 (p)	418 02 584	jorunn.nordli@posten.no
Valdres Folkemusikklag	Oddrun Hege	61 36 56 52 (p)	920 32 228	audrun@frisurf.no
Jørn Hilde-stemmet	Ola N. Døvre	61 36 36 72 (p)	911 23 185	ola.dovre@tiscali.no
Strunkeveko	Aud Soyland	61 36 25 56 (p)	990 37 584	aud.soyland@cunet.no
Landskappleiken 2006	Ola N. Døvre	61 36 36 72 (p)	911 23 185	
Valfag i tradisjonslans	Tone Volhaug		992 33 979	tvoldhaug@hotmail.com
Vfl og Jørn Hilde-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)		vfl@senswave.com
Strunkeveko, dagleg leiar	Stian Roland	61 36 46 71 (a)	994 48 486	leiar@strunkeveko.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kvernø	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
Landslaget for Spellemenn	Randi Skeie Ljones	61 26 10 42 (p)	995 22 538	
LFS, dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	lfs@folkemusikk.no

RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES